



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	18.11.2014
Tid:	13:30 – 18:15

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Idar Tarberg	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Svein Gjølseth	Per Kristian Furø	AP

Andre: Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Brit Berge
Utviklingsleiar Jarl Martiin Møller
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar Hallvard Rusten
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Økonomileiar Geir Egil Olsen

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt og sakliste var sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene. Tilstades var 6 faste medlemer og 3 vara, fulltallig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert valde:

Camilla Storøy Hermansen og Idar Tarberg

Camilla Storøy Hermansen fekk permisjon frå møtet etter handsaming av F-sak 210/14.

Kjell Runde vert valt til å skrive under protokollen for saker handsama resten av møtet.

Notat frå kulturavdelinga til anlegg- og driftsavdelinga, Cruise in company Fosnavåg 2015, vart delt ut i møte. Formannskapet synes prosjektet verkar positivt og takkar ja til invitasjonen.

underskrifter

Camilla Storøy Hermansen

Arnulf Goksøy

Idar Tarberg

Kjell Runde

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 194/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 195/14	Protokoll frå førre møte
PS 196/14	Referatsaker
PS 197/14	Reguleringsplan for Huldal aust - offentlig ettersyn
PS 198/14	Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy gnr. 24 bnr. 2 m.fl. - Slutthandling.
PS 199/14	Områdereguleringsplan for indre Bergsøy - slutthandsaming
PS 200/14	Miljøopprydding i Fosnavåg. Deponering av masser. Alternativ til lokalisering
PS 201/14	Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS - slutthandsaming
PS 202/14	Handtering av kommunens meirforbruk 2014
PS 203/14	Herøy kulturskule, satsar gjeldande frå 1.august 2015
PS 204/14	Satsar for Skulefritidsordninga, frå 1.august 2015
PS 205/14	Gebyrregulativ 2015 - Avlaupsgebyr.
PS 206/14	Gebyrregulativ for Slamtøming 2015.
PS 207/14	Feie og tilsynsgebyr 2015.
PS 208/14	Avfallsgebyr 2015
PS 209/14	Fastsetting av avgiftssatsar for brøyting av private vegar for 2015
PS 210/14	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. 2. handsaming
PS 212/14	Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015 - Fastsetjing av valdag
PS 211/14	Søre Sunnmøre innkjøpssamarbeid. Innmelding i Sunnmøre innkjøpssamarbeid.
PS 213/14	Grunnkjøp Vike/Toftedal
PS 214/14	Havyard Group As - avtale om parkering
PS 215/14	Tertialrapport per 01.09.2014.

Referatsaker

- RS 55/14 Eigarmøte 2/14 -Furene AS 2013, 8/12/14 kl 1400
- RS 56/14 Innspel til budsjettprosessen 2015.
Notat frå rådmannen.

PS 194/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 195/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 196/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 197/14 REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål. Sambuaren hennar har gjennom sitt tillitsverv i Bergsøy IL arbeidd med planen.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40 FVL §6 1. ledd bokstav c

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.11.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Huldal Aust» med tilhøyrande vedlegg og konsekvensutgreiing datert 28.10.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

PS 198/14 DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ NÆRØY GNR. 24 BNR. 2 M.FL. - SLUTTBEHANDLING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:
Camilla Storøy Hermansen reiste habilitetsspørsmål. Far hennar var medeigar i Herøy Byggsenter AS. Firmaet er no nedlagd.
Ho går frå under handsaming av habilitet.
Camilla Storøy Hermansen vart samrøystes kjend habil.

Planleggar Hallvard Rusten møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy, gnr. 24 bnr. 2 m.fl., sist endra 27.06.2014, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist endra 27.10.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 199/14 OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 områdeplan for indre Bergsøy med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert 4.11.2014.

PS 200/14 MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. ALTERNATIV TIL LOKALISERING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.

AP/Venstre heldt gruppemøte.

AP/Venstre kom med framlegg om slik endring i pkt. 1 i framlegget frå rådmannen:

Endre «innseglinga til Fosnavåg hamn til «Samuelsholmen i Kråkøysundet».

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 røyster..

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

PS 201/14 UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Saka vert utsett.

PS 202/14 HANDTERING AV KOMMUNENS MEIRFORBRUK 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Kommunestyret vedtek stans i tilsetjing og vikarbruk i alle vakante stillingar ut 2014, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar og stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar.

- Ved presserende behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.
- Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlige budsjettendringar knytt til dette.

Vidare legg kommunestyret føringar for administrasjonen om å stanse eller utsette alle utgifter og kostnader som er moglege til 2015. Dette omfattar også stans i vedlikehaldsarbeid ut over presserende hendingar. Utsette kostnader og utgifter vil vidare kome inn under føringar i 2015 budsjettet.

PS 203/14 HERØY KULTURSKULE, SATSAR GJELDANDE FRÅ 1.AUGUST 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1.Nye satsar vert som følgjer, gjeldande frå 1.august 2015:

1 elevplass		Kr. 3000.-	pr. skuleår
Materialavgift visuelle kunstoffag /drama	Uendra	kr. 400.-	pr. skuleår
Instrumentleige	Uendra	kr. 400.-	pr. skuleår
Sal av timar til kor/korps	Uendra	kr. 200.-	pr. time

2.Kommunestyret godkjenner innføring av rabattordning etter modell 2.

PS 204/14 SATSAR FOR SKULEFRITIDSORDNINGA, FRÅ 1.AUGUST 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Kommunestyret vedtek følgjande satsar for Skulefritidsordninga, gjeldande frå 1.august 2015:

SFO i skuleåret	2015/16	Med 25% rabatt
Gruppe 1 (inntil 10t/v)	Kr. 1.345	Kr. 1.010
Gruppe 2 (inntil 14t/v)	Kr. 1.830	Kr. 1.370
Gruppe 3 (full plass)	Kr. 2.315	Kr. 1.735

Ferie-SFO	2015/16	Med 25% rabatt
Sats pr.veke	Kr. 1.110	Kr. 830
Sats pr.dag	Kr. 260	Kr. 195
Sats pr.time	Kr. 59	Kr. 44

PS 205/14 GEBYRREGULATIV 2015 - AVLAUPSGEBYR.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2015, jfr. vedlagt forslag datert den 04.11.2014.
2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974.

PS 206/14 GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2014 til 2015. Dvs. at gebyret i 2015 vert sett til kr. 925,- for tankvolum inntil 6 m³. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tanklar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.
2. Vedtaket er gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(forureiningslova) §34.

PS 207/14 FEIE OG TILSYNSGEBYR 2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2015 vert sett til kr 242 + mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn av 26.juni 2002.
3. Regulativet vert gjort gjeldande frå den dag det vert vedteke, men ikkje tidlegare enn 01.01.2015.

PS 208/14 AVFALLSGEBYR 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. I medhald av forureiningslova § 34 fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2015:

Type abonnement	Gebyr pr. abonnement 2015	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Standard abonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar	Kr 2.731,20	+ mva.
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.453,60	+ mva. Nytt tilbod
Pris pr. sekk	Kr 20,-	+ mva.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg Gebyrregulativ 2015 med unntak av slamtømningsgebyret som vert vedteke i eiga sak.

PS 209/14 FASTSETTING AV AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR FOR 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Brøyteabonntar skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på Kr 266,-
2. For vegar med lengde 25 -100 m skal det betalast kr 123,- pr. gong.
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 74,-

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

PS 210/14 BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018. 2. HANDSAMING

Møtebehandling:

Økonomileiaren møtte og orienterte.

Saka vert utsett til møte 25.11.2014.

PS 211/14 SØRE SUNNMØRE INNKJØPSSAMARBEID. INNMELDING I SUNNMØRE INNKJØPSSAMARBEID.

Møtebehandling:

Tor Sindre Steinsvik reiste habilitetsspørsmål. Ektemaken hans har vore med på å førebu saka.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Samarbeidsavtalen i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid og vertskommuneavtalen med Herøy kommune om felles kommunale innkjøp, opphøyrer den 01.12.2014.
2. Herøy kommune godkjenner samarbeidsavtale med Ålesund kommune, gjeldande frå 01.12.2014

PS 212/14 KOMMUNESTYREVALET OG FYLKESTINGSVALET 2015 - FASTSETJING AV VALDAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Ved kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015 vert det halde 1 dags val i Herøy kommune.

Valdagen er fastsett i statsråd til måndag 14. september 2015.

PS 213/14 GRUNNKJØP VIKE/TOFTEDAL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommunestyre godkjenner kjøpsavtalen for gnr 36, bnr 3, 68 og 69 mellom Herøy kommune og konkursbuett etter Fosnavåg Trevare Utbyggingsselskap AS ved bubestyrar Per Maurset.

Kostnaden ved grunnkjøpet, 1.200.000 kr med tillegg av dokumentavgift og tinglysingskostnader, vert å finansiere ved låneopptak.

PS 214/14 HAVYARD GROUP AS - AVTALE OM PARKERING

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Havyard.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL§ 40, FVL § 6, 1. ledd bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Vedtak i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommune fristiller Havyard Group AS frå avtale av 13.9.2012 om kjøp av parkeringsplassar bak rådhuset

PS 215/14 TERTIALRAPPORT PER 01.09.2014.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Saka vert tatt til vitande.

MØTET SLUTT!

REFERATSAKER

RS 55/14 Eigarmøte 2/14 -Furene AS 2013, 8/12/14 kl 1400 Eigarmøte 2/14 -Furene AS 2013, 8/12/14 kl 1400 07.11.2014 00:00:00 Furene AS

RS 56/14 Innspel til budsjettprosessen 2015 Innspel til budsjettprosessen 2015 10.11.2014 00:00:00